



2023

Plan for forebyggende arbeid i Gloppen

Vedteke av kommunestyret 14.06.2023 /saknummer 39/23



Plan for det forebyggjande arbeidet i Gloppen kommune 2023 - 2024

Innhold

1 Bakgrunn for planen.....	2
2 Kva er omsorgsvikt og åtferdsproblem?.....	2
3 Forankring av planen.....	3
4 Avgrensing.....	4
5 Oppbygging av planen.....	4
6 Risikogrupper	4
7 Samarbeid til barnets beste	5
8 Betre tverrfagleg innsats – BTI	6
9 Aktørar i samarbeidet rundt barn og familiar	6
10 Tiltak på universelt nivå.....	10
11 Tiltak på selektert nivå	14
12 Tiltak på indikert nivå	18



Plan for det forebyggjande arbeidet i Gloppen kommune 2023 - 2024

1 Bakgrunn for planen

Barnevernsreforma tredde i kraft 01.01.2022. Reforma flyttar meir ansvar på korleis vi organiserer det forebyggjande arbeidet retta mot barn og unge til kommunen. Barnevernsreforma blir omtala som ei oppvekstreform fordi ein treng alle tenestene rund barna og familiane med på laget, og fordi innsatsen må baserast på tiltak utanfor barnevernstenesta. Kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid for å forebygge omsorgssvikt og åtførdingsproblem, jf. barnevernslova § 15-1. Planen skal innehalde tiltak som tilsette i kommunen gjer, og skal bidra til at vi oppdagar barn og familiar som er i risiko for å utvikle åtførdingsvanskar og/eller bli utsette for omsorgssvikt. Planen skal bidra til ei overordna forankring av det forebyggjande tilbodet i kommunen og fordeling av ressursar til dette arbeidet. Planen er eit viktig verktøy for å sikre systematisk innsats for å legge til rette for samordna tenester rundt barna og familiane i kommunen.

Reforma skal bidra til at kommunen styrkar arbeidet med tidleg innsats og forebygging i heile oppvekstsektoren. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa barna og familiane sine behov, er først og fremst ei investering i innbyggjarane si velferd, men må også sjåast som ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare. Med barnevernsreforma har kommunane fått eit heilskapleg økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar, samstundes som dei har fått eit auka fagleg ansvar. Eigendelar for statleg barnevern som akutt-tiltak og institusjonar har auka kraftig og må no dekkast av kommunane sjølv. Føremålet med endringane i reforma er at dei samla sett skal gje eit betre vern om barnet og familien, slik at flest mogleg barn skal få tilpassa hjelp innanfor dei ressursane barnevernet og kommunen disponerer. Endringane skal gje oss sterkare insentiv til å jobbe forebyggjande.

2 Kva er omsorgssvikt og åtførdingsproblem?

Alle barn har behov for kjærlig, omsorg, tryggleik og vern. Barn treng å få dei fysiske, psykiske og kjenslemessige behova sine dekkja på ein god måte. Omsorgssvikt oppstår når barnet ikkje får dekkja fysiske, psykiske eller kjenslemessige behov, og ikkje får omsorga og vernet det treng heime. Det kan vere ulike grunnar til at foreldre ikkje gjev barnet nødvendig omsorg og tryggleik. Nokre foreldre strevar så mykje med egne problem, at dei ikkje klarer å gje barna det dei har behov for. Dersom eit barn har det dårleg over lengre tid, kan det skade barnet si helse og utvikling. Det er derfor avgjerande med tidleg hjelp.

Barne- og ungdomsår er prega av store kjenslemessige og sosiale endringar. Det er særleg i desse åra at åtførdingsproblem kan oppstå. Det finst ikkje ein allment akseptert definisjon for åtførdingsvanskar. Omgrepet refererer til vedvarande opposisjonell, aggressiv og/eller destruktiv eksternaliserande åtferd som er tydeleg utanfor åtferd som vurderast som sosialt akseptabelt (FHI). Sjølv milde åtførdingsvanskar kan utgjere ei stor utfordring for det einskilde barn, familien, lærarar, venner og samfunnet elles.



Plan for det forebyggjande arbeidet i Gloppen kommune 2023 - 2024

Omgrepet åtfærdsvanskar er henta frå lovteksten, og blir difor brukt i planen. Arbeidsgruppa ynskjer å påpeike at omgrepet kan vere problematisk å bruke i arbeid med barn og unge, då det lett kan oppfattast som at ein legg til grunn at vanskane skuldast eigenskapar hos barnet/ungdommen. Vi vil understreke at det er nødvendig å sjå barn og ungdom si åtfærd i eit heilskapleg perspektiv. All åtfærd føre kjem i ein kontekst og i samspel med andre. Det vil alltid vere dei vaksne som har ansvar for å gje barn og unge nødvendig støtte for ei positiv utvikling emosjonelt og sosialt. Det gjeld både føresette og andre vaksne som har ansvar for barn og unge i si yrkesrolle.

3 Forankring av planen

Prosjektet for å utarbeide ein plan for å forebyggjande arbeid i Gloppen kommune blei starta opp hausten 2023. Styringsgruppa er sett saman av kommunalsjef oppvekst, Per Arne Strand, og kommunalsjef helse og velferd, Gunhild Gimmedstad. Ragne Sofie Skogvold var tilsett som prosjektleiar i 20 % stilling i perioden 1.09.22 – 28.02.23. Resten av arbeidsgruppa som har jobba med planen, er identisk med arbeidsgruppa som har ansvar for vidareføring av modellen Betre tverrfagleg innsats, BTI:

Else Lundestad Bakkelid	Styrar Mona barnehage
Henny Klakegg Børset	Avdelingsleiar helsestasjons- og skulehelsetenesta
Hilde Nødset	Tenesteleiar Familiehuset
Gerd Ynnesdal	Barnevernleiar
Linn Kristin Øren	Rektor Sandane skule

Arbeidsgruppa har hatt møte 1-2 gonger pr. månad. Det har vore to fagmøte der utvida leiargruppe i oppvekst (styrarar, assisterande styrarar, rektorar, inspektørar og avdelingsleiarar) fekk høve ti å komme med innspel til planen, eitt møte i oktober 2022 og eitt i mars 2023. I det siste møtet deltok også kommuneoverlege og folkehelsekoordinator. Prosjektleiar har i tillegg hatt møte med avdelingsleiarane for fysio- og ergoterapiteneste og psykisk helseteneste undervegs. Ho har også hatt eitt møte med leiar for Flyktningtenesta.

Når det gjeld brukarmedverknad, ser vi at det hadde vore tenleg å be SU i barnehagane og FAU og SU i skulane om innspel i planarbeidet. Det blir lagt opp til at Ungdomsrådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne får planen til handsaming i mai og juni 2023.

Plan for forebyggjande arbeid for barn og unge i Gloppen kommune er ein temaplan under Kommunedelplan for helse og velferd 2018-2030 og komande Kommunedelplan for oppvekst, som skal utarbeidd i løpet av 2023/2024. I arbeidet med oppvekstplanen blir det viktig å ha brei brukarmedverknad. Våren 2023 blir det utarbeidd kunnskapsgrunnlag for folkehelsearbeidet for komande kommunestyreperiode. Hausten 2023 skal tiltaksdelen i kommunedelplan



Plan for det forebyggande arbeidet i Gloppen kommune 2023 - 2024

helse og velferd rullerast. Det som skjer i desse prosessane, vil også vere viktig med tanke på vidare arbeid med førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

4 Avgrensing

Når det er snakk om det førebyggjande arbeidet i kommunen, må det presiserast at det gjeld kommunale instansar som jobbar med barn og unge. Den innsatsen som frivillige lag og organisasjonar gjer er ikkje inkludert. Vi ser at det kunne vore tenleg å ha med fleire instansar, som til dømes NAV, legetenesta og miljøarbeidartenesta i arbeidsgruppa. Praktiske omsyn gjorde at vi valde at arbeidsgruppa som har ansvar for BTI også skulle utgjere arbeidsgruppe for plan for førebyggjande arbeid.

5 Oppbygging av planen

Det er ikkje krav om at oppfølging i form av hjelpetiltak etter barnevernslova til identifiserte familiar skal vere ein del av kommunen sin plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Vi har likevel valt å ta med tiltak som barneverntenesta står for. Dette for å gje eit heilskapleg bilete av tiltak Gloppen kommune tilbyr på alle nivå i førebyggingspyramiden.

I arbeidet med planen såg arbeidsgruppa at det var behov for å identifisere barn og unge som er i risiko for skeivutvikling. I neste avsnitt vil vi seie noko om det. Vi finn det også tenleg å definere kva roller og oppgåver dei ulike aktørane som planen omfatar har. Gloppen kommune har sidan 2017 arbeidd etter samhandlingsmodellen BTI, Betre tverrfagleg innsats. Modellen skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenestene retta mot barn, unge og familiar som ein er uroa for. Planen inneheld kortfatta informasjon om BTI. For ytterlegare informasjon viser vi til kommunen si heimeside

Til slutt i planen blir tiltak kommune allereie har, og tiltak arbeidsgruppa foreslår å innføre, presentert. Tabellen over eksisterande tiltak er ein oppdatert versjon av tiltaksoversikten i Betre tverrfagleg innsats (BTI). Tiltaka er sett inn i førebyggingspyramiden som har tre nivå: universelle tiltak, selektive tiltak og indikerte tiltak.

6 Risikogrupper

Dersom vi har eit symptomfokus for å fange opp mistrivsel hos barn og unge, i staden for å sjå på risiko- og beskyttelsesfaktorar, vil vi i mange tilfelle glempe på tidleg innsats. I følgje Kvello og Imenes (2022) viser forskning at følgjande grupper er utsette: skadelege omsorgsformer, alvorlege krenkingar/overgrep, emosjonelt utilgjengelege omsorgspersonar, rusmiddelbruk, alvorlege psykiske lidingar, utviklingsvanskar som ikkje blir forstått og avhjelp, levekårsutfordringar og dårleg psykososialt miljø i barnehage og skule. KS sin utanfor-rekneskap viser til risikogrupper som barn i låginntektsfamiliar, begge foreldre uføre eller på sosialhjelp, barn diagnostisert med angst/depresjon/åtferdsvanskar, barn med hjelpetiltak i barnevernet, barn av foreldre med rusproblem eller psykiske lidingar og ungdom som ikkje har fullført vidaregåande opplæring etter 5 år.



Plan for det forebyggande arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

Ut frå BTL-undersøkingane er gjort i Gløppen, og i forskning presentert av Kompetansesenter Rus Bergen (Korus), ser vi at barn som pårørende er ei risikoutsett gruppe. Eit viktig arbeid i kommunen vår framover er å sikre at vi har fokus på sårbare grupper, slik at vi kan bygge eit lag rundt barna/familiane for å fremje ei god utvikling. Det som beskyttar barn i risikosona er, i følgje Kvello og Imenes, sosial kompetanse, prososiale venner, god tilpassing i barnehage og skule samt skulefagleg meistring og god omsorg, også frå andre vaksne enn foreldra.

I kommunaldelplan for helse og omsorg står det spesifisert fire område Gløppen kommune treng å arbeide tverrfagleg med, ut frå kartlegginga vi har gjort i samarbeid med KoRus.

Dei fire områda er:

- Kompetanse på korleis ein snakkar med barn om vanskelege tema
 - Økonomiske levekår for barn og unge
 - Barn som pårørende
 - Utfordringar innvandrarfamiliane har i møte med det norske samfunnet og særskilde utfordringar og behov hos barn og unge frå innvandrarfamiliar.
- Til dette trengst samarbeid med vaksntenestene.

Ungdata er ei stor undersøking om korleis skuleelevar har det. Undersøkinga inneheld spørsmål om heim, foreldre, skule, fritid, helse og nærmiljø. Siste undersøking i Gløppen var i 2021. Her kom det m.a. fram ein auke i alkoholforbruk, opplevd drikkepress, mindre tru på gjennomføring av vidaregåande skule, auke i psykiske plager og auke i skulefråvær, blant elevar i ungdomsskulen.

7 Samarbeid til barnets beste

Til ei kvar tid er det barn og unge som har behov for eit samansett tenestetilbod med oppfølging som involverer fleire aktørar i velferdstenestene. Nokre vil ha slike behov allereie frå fødselen av, og andre vil få behov for slike tenester undervegs. For å styrke oppfølginga av utsette barn, unge og deira familiar, er det med verknad frå 1. august 2022 vedteke føresegnar om samarbeid, samordning, barnekoordinator og individuell plan.

Rettleiaren «Samarbeid om tenester til barn, unge og deira familjar» omtaler ei plikt for velferdstenestene til å samarbeide både på system- og individnivå. Kommunen har ei samordningsplikt for å sørge for at den einskilde tenestemottakar får eit samordna tenestetilbod. Familiar som har, eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester har rett til ein barnekoordinator og rett til individuell plan. Kommunen har ei plikt til å nemne opp dette.




Plan for det forebyggjande arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

8 Betre tverrfagleg innsats – BTI

BTI-modellen skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenestene retta mot barn, unge og familiar som ein er uroa for.

BTI har tre grunnpilarar: tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering. **Tidleg innsats** handlar om å førebyggje meir og avdekke vanskar tidlegare når vi opplever uro for barn og familiar, anten i tidleg alder eller tidleg i ei risikoutvikling. **Samordna tenester** handlar om å betre samarbeidet og framdrifta, når kommunale tenester i fellesskap skal hjelpe barn, ungdom og familiar gjennom vanskar. Modellen skal hjelpe oss å jobbe målretta, effektivt og heilskapleg, utan at det oppstår brot i oppfølginga. **Foreldreinvolvering** handlar om at modellen er basert på at foreldre/føresette i utgangspunktet alltid skal vere ein del av løysinga på eit problem. Det blir lagt vekt på at dei kommunale tenestene skal samhandle med foreldra gjennom hjelpeprosessen. Som tilsett i Gløppen kommune er ein forplikta til å jobbe etter BTI-modellen.



9 Aktørar i samarbeidet rundt barn og familiar

Barn og unge er ekspertar i eige liv. Dei skal få ha høg grad av medverknad og skal høyrast i saker som vedkjem dei. Dei er deltakarar i samarbeidsmøte der det er tenleg, eller blir orienterte om tiltak som skal hjelpe dei. Det gjev oversikt og tryggleik for barnet når dei forstår at vaksne kring dei tek ansvar. Stemma deira er også viktig når tiltak skal evaluerast. Kva opplevast nyttig for dei?

Foreldre/føresette er dei næraste rundt barn og unge og skal gje dagleg omsorg og omtanke for å sikre barnets beste. Det som påverkar barn og unge mest er forholda i heimen. Involveringa av foreldre har både ei etisk og fagleg grunngeving. Den etiske dreier seg om å respektere det overordna ansvaret foreldra, eller andre føresette, har for eigne barn. Det faglege dreier seg om at foreldra ofte er ein avgjerande aktør, og heimen ein viktig arena, i det førebyggjande arbeidet med barn og unge.

Barnehagen møter barn og foreldra deira dagleg gjennom heile året. Barnehagen har ei viktig rolle i å sjå, avdekke og melde frå om bekymringar. Barnehagen utfører utviklingssamtaler med foreldre to gonger i året og har elles tett samarbeid med foreldra.

Skulen møter barn og unge dagleg gjennom heile året. Skulen har ei viktig rolle i å sjå, avdekke og melde frå om bekymringar. Skulen gjennomfører elevsamtaler med kvar elev og har utviklingssamtalar med føresette og elev minst to gonger årleg. Skulen set dagsorden i møte med føresette og barn, og har høve til å påverke og forsterke aktuelle tema.



for det forebyggande arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

Kulturskulen møter barn og unge gjennom heile året og er ein viktig aktør i å sjå, avdekke og melde frå om uro. Kultur, fritid og nærmiljø er sentrale aktørar i barn og unge sitt oppvekstmiljø. Saman skal ein skape arena for tryggleik, trivsel og meistring. Innhaldet i verksemda skal være prega av barn og unge sitt behov for leik og kultur.

Helsestasjon, jordmor, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom (HFU): Desse tenestene skal etter lovverket arbeide helsefremjande og førebyggjande. Jordmor har jamlege treffpunkt med foreldre i svangerskapet og tett samarbeid med helsesjukaupleiar. Gløppen kommune har samarbeidsavtale med Helse Førde om barseloppheald på God Start eininga på Nordfjord sjukehus. Etter fødsel møter helsesjukaupleiar foreldre og barn minst 14 gongar fram til barnet er 2 år, deretter ved 4 år og 6 år. Elevar i grunnskulen møter helsesjukaupleiar om lag i kvart trinn. I tillegg er det opa dør etter på skulane etter oppsett plan, der elevane kan få individuelle samtaler. Helsestasjon for ungdom er eit tilbod for alle mellom 16-23 år der dei møter helsesjukaupleiar og lege.

Legetenesta sitt føremål med fastlegeordninga er å sikre at alle får nødvendig allmennlegeteneste av god kvalitet til rett tid, og at alle busett i Norge får ein fast allmennlege som følgjer dei opp. Fastlegane vert konsultert og deltek i samarbeid rundt barn og unge ved behov. Legetenesta har eit eige ansvar i å vidareformidle, med samtykke frå foreldre, til andre tenester der dei tenker at barn kan være i risiko pga. av forhold i heimen eller i forbindelse med foreldra si helse.

Fysio- og ergoterapitenesta gjev tenester på ulike nivå. På universelt nivå har dei faste oppdrag knytt til helsestasjonen og skulehelsetenesta sitt arbeid. Fysioterapeut gjev etter tilmelding individuell rettleiing til foreldre og oppfølging til barn og unge med forseinka eller avvikande utvikling, muskel/skjelettproblematikk og til barn med ulike diagnoser. Fysioterapeut deltek tidleg i tverrfagleg innsats for barn ein er bekymra for utviklinga til. Fysio- og ergoterapeutar deltek i habilitering til barn og unge med samansette problemstillingar, med blant anna tilrettelegging av bustad og søknad om hjelpemiddel. I Gløppen kommune er frisklivsentralen knytt til fysio- og ergoterapitenesta. **Frisklivsentralen** er ei helsefremjande og førebyggjande helseteneste.

Psykisk helseteneste tilbyr individuell oppfølging til barn og unge, samt samarbeid med pårørande og andre tenester. Tenesta er eit tilbod til dei som av ulike årsaker står i fare for å få/har fått utfordringar knytt til den psykiske helse.



for det forebyggande arbeidet i Gloppen kommune 2023 - 2024

Miljøarbeidartenesta har ansvar for avlastingstiltak til foreldre/føresette med store omsorgsoppgåver til barn og unge med nedsett funksjonsevne. Tenesta blir tildelt på grunnlag av individuell vurdering, og kan bli tilbydd i eller utanfor heimen, i eller utanfor institusjon og skal omfatte eit forsvarleg tenestetilbod for personen som har omsorgsbehov. Solsikka avlastingsbustad gjev tilbod til barn og unge med samansette vanskar.

Flyktningtenesta koordinerer arbeidet med busetjing og integrering av nye flyktningar i kommunen. Foredrerettleing er ein fast del av introduksjonsprogrammet deira.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) si oppgåve er å hjelpe skulane i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling og å utarbeide sakkunnig vurdering av behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i grunnskulen.

Ungdomslos gjev oppfølging av ungdom mellom 14 – 24 år som av ulike årsaker strevar med å vere på skulen. Stort skulefråvær er eit aukande problem blant ungdom. Målet med los-ordninga er å få til eit tett samarbeid med ungdomen slik at dei klarer å delta meir på skule og fritidsaktivitetar, samt oppleve auka meistringskjensle og trivsel. Oppfølginga kan bestå av støtte og motivasjonssamtalar, vekkehjelp, fysisk aktivitet, hjelp til skulearbeid og samarbeid med andre tenester.


Barnevernstenesta si hovudoppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid, og bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Koordinerande eining har ansvar for å etablere eit system for å følge med på at ordninga med individuell plan og koordinator fungerer etter intensjonane. Målet er å bidra til at tenestemottakarar som treng langvarige tenester frå fleire aktørar skal få eit heilskapleg tenestetilbod. I Gloppen kommune sit kommunalsjefane for oppvekst og helse og velferd i koordinerande eining.



Plan for det forebyggende arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

10 Forebyggende tiltak



Planen er bygd opp etter førebyggingspyramiden. Førebyggingspyramiden består av tre ulike nivå av tiltak: **Universelle tiltak** (grøn) er tiltak som alle i Gløppen kommune skal få tilbod om, og som har som mål å fremme ei positiv utvikling. På dette nivået finn vi dei aktørane som alle barn og unge møter, foreldre, barnehage, skule, helsestasjon og skulehelseteneste.

Selekterte tiltak (gul) er for grupper av barn og foreldre der det er høg risiko for at vanskar kan oppstå, eller der det er tendensar til vanskar. Dei barna som treng ekstra oppfølging og støtte er færre og har behov for noko meir innsats frå barnehagen/skulen eller det utvida laget rundt barnet. På dette nivået møter barna og foreldra som regel fleire, og andre, aktørar enn på det universelle nivået, t.d. fysio- og ergoterapitenesta, psykisk helseteneste eller PPT.

Indikerte tiltak er målretta tiltak som skal hjelpe einskildpersonar som allereie har utfordringar. Avgrensing av skade er hovudfokus. Dette er barn og unge som treng intensiv innsats for at dei skal oppleve læring, meistring og trivsel. Barna møter eit breitt sett med aktørar frå universelt og selektert nivå, alt etter behov, t.d. BUP, psykisk helseteneste, ungdomslos, NAV og barnevernsteneste. På dette nivået er det viktig med ein samordna innsats. Di betre arbeid vi legg ned i det universelle nivået, di færre barn får vi lenger opp i pyramiden.



for det forebyggende arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

10 Tiltak på universelt nivå

AKTØR	TILTAK	KVA ER DETTE?	KVAR/NÅR	ANSVAR
Helsestasjons- og skulehelsetenesta	Svangerskapskontrollar	Oppfølging av gravide/familien etter program for svangerskapsomsorg. Tematiserer rus, vald i nære relasjonar og psykisk helse.	Jamleg på helsestasjonen	Jordmor
	Barselomsorg	Tilbod om barselomsorg på God start, Nordfjord sjukehus.	Jamleg	Helse Førde
	Foreldrerettleiing	Heimebesøk til alle nyfødde og vidare min. 14 konsultasjonar i alderen 0-4 år (individuellt og i gruppe) med ulike tema etter nasjonale anbefalingar. 3 av konsultasjonane er gruppe der nettverksbygging er eit av delmåla.	Jamleg, heime og på helsestasjonen	Helsesjukaupleiar
	Forebygging, avdekke og hindre valde i nære relasjonar (VINR)	Bruke «I trygge hender» til alle spedbarnsforeldre, fokus på foreldre sine erfaringar kring vald/samspel i eigen oppvekst. Bevisstgjeriing kring barnets sårbarheit og hjerneutvikling. Spørre om VINR på svangerskapskontrollar, konsultasjonar og helsesamtalar.	Jamleg på helsestasjonen	Jordmor og helsesjukaupleiar
	Skulehelsetenesta	Kontortid med «opa dør» på alle skulane etter fast plan. Låg terskel for samtalar med elevlar og foreldre. Tverrfagleg samarbeid. Målretta oppfølging. Rutinemessige individuelle helseundersøkingar/helsesamtalar ved skulestart og i 3. og 8. klasse. Helseopplysning/undervisningsopplegg på fleire klasseteg med fokus på å forebygging vald og overgrep, fremje god psykisk helse og god seksuell helse Føl nasjonale faglege retningslinjer	Jamleg på helsestasjonen og skulane	Helsesjukaupleiar, skulelege, fysioterapeut
	Delta på foreldremøte på skulane	Deltek fast på foreldremøte i 1., og 9. klasse, elles etter ønske frå skulane.	Årleg på hausten	Helsesjukaupleiar
	Helsestasjon for ungdom (HFU)	Rettleiing kring helse og trivsel, gratis tilbod og ingen timeavtale.	Helsestasjonen måndagar kl.13.00-15.30	Helsesjukaupleiar og lege
Barnehage	Inkluderande barnehagemiljø	Viser til plan for forebygginge arbeid for inkluderande barnehage- og skulemiljø i Gløppen kommune. Pågåande prosess med kompetanseheving og utvikling av rutinar på området.	Jamleg	Barnehagen
	Rettleiing og oppfølging	Dagleg dialog med foreldre i bringe/hente situasjonar Dagleg rettleiing av foreldre og born Foreldresamtale 2 gongar i året eller oftare ved behov Barnesamtale	Jamleg	Barnehagen



Arbeid for det forebyggjande arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	TILTAK	KVA ER DETTE?	KVAR/NÅR	ANSVAR
Barnehage (forts.)	Felles informasjon	Foreldremøte eller temakveld med ulike tema.	Årleg	Barnehagen
	Sikre gode overgangar	Gode overgangar frå heim-barnehage, overgang småbarns-/ storbarnsavdeling og barnehage-skule. Sjå plan for eksterne overgangar i Gløppen kommune.	Jamleg	Foreldre, helsesjokepleiar, styrar, rektor og kontaktlærar.
	Forebygge vald og overgrep	Barnehagane bruker ulike verkty i samtale med barna om kropp og grenser. Til dømes Hjartesamling, Truls og Trine	Årleg	Barnehagen
	Sosiale samkome for foreldre og barn	Barnehagane arrangerer sosiale hendingar for foreldre og barn i barnehagen.	Ulik plan for dei ulike barnehagane	Barnehagen
Gløppeskulen	Undervisning	Det tverrfaglege emnet «Folkehelse og livsmeistring» skal gje elevane kompetanse som fremmar god fysisk og psykisk helse og hjelp til å ta ansvarlege livsval.	Jamleg	Rektor
	Lærar-elev relasjon	Fokus på god klasseleiing. Elevsamtaler. Lærar skaper eit trygt klima der eleven torer å fortelje.	Jamleg	Rektor og lærarar
	Heim-skule samarbeid	Foreldremøte eller temakveld med ulike tema Utviklingssamtaler Kommunikasjon via Vigilo	Foreldremøte 2 gonger i året. Utviklingssamtale 2 gonger i året.	Rektor, kontaktlærar, foreldre/føresette.
	Ulike program for arbeid med sosial kompetanse	Nordstranda og Breim skule brukar innsatsmodellen PALS.	Jamleg	Skuleleiinga
	Brukarmedverknad	Faste møte/samarbeid med FAU/SU Elevråd	Jamleg	Rektor
	Arbeid mot mobbing	Viser til plan for førebyggjande arbeid for inkluderande barnehage- og skulemiljø i Gløppen kommune. Pågåande prosess med kompetanseheving og utvikling av rutinar på området.	Dagleg	Alle rundt elevane
	Elevundersøking	6. og 7. trinn. Undersøking korleis eleven har det sosialt og fagleg.	Årleg	Skuleleiinga
	Sosiale arrangement	Diverse turar, leirskule, samlingar, trivselstiltak, aksjonar, innsamlingar og samlingar/markeringar der skulen får møte eleven og føresette saman.	Jamleg	Tilsette på skulen
	Tilsyn	Tilsette på skulen har tilsyn før/etter skulen og i alle friminutt.	Dagleg	Tilsette på skulen



Plan for det forebyggjande arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	TILTAK	KVA ER DETTE?	KVAR/NÅR	ANSVAR
PPT	Samarbeid	Kompetanseheving til tilsette i barnehage, skule og evt. andre einingar. Informasjon om PPT sitt tilbod	Ved behov	PPT i samarbeid med rektor
Fysio/Ergo	Gruppe og undervisning	Førebyggjande grupper på helsestasjonen og i skulen: Gruppekonsultasjon i samråd med helsestasjonen ved 4 mnd. alder. Undervisning om ernæring og fysisk aktivitet ved 3. trinn på skulane.	Helsestasjon, jamleg	Helsesjuepleiar inviterer med fysioterapeut.
Psykisk helseteneste	Helseopplysning	Undervisning/informasjon i klassane etter ynskje frå skule. Undervisning/informasjon på foreldremøte og personalmøte etter ynskje frå skule.	På førespurnad frå skule	Psykisk helseteneste
Flyktningtenesta	Busetting og oppfølging av familien	Tett på familien i starten, hjelp med busetting og kartlegging av foreldre, hjelper familien å søke barnehageplass og med skulestart. Fokus på å få barna med på fritidsaktivitetar. Flyktningtenesta har fokus på å trygge og styrke dei vaksne som foreldre ved å vise dei til tiltak i regi av samarbeidspartar t.d. helsestasjonen sitt foreldrerettleingskurs og psykisk helse sitt livsmeistringskurs.	Jamleg	Flyktningtenesta
Kultursjefen	BUA	BUA står for barn – unge – aktivitet og er eit folkehelseiltak som har som mål å gjere det enklare for barn og unge å delta i lek, sport og friluftsliv gjennom gratis utlån av utstyr. BUA er lokalisert på baksida av Trivselshagen og har same opningstider som Trivselshagen bad og idrett.	Jamleg	Kultursjefen
Felles tiltak	Plan for eksterne overgangar i Gløppen kommune	Sikre at personale, foreldre, og barn/elev kan sikre en trygg og tilrettelagt overgang frå heim-barnehage, barnehage-skule og skule-skule.	Årleg	Foreldre, helsestasjon, barnehage, skule
	Foreldrerettleing i grupper	COS-foreldrerettleing til foreldre med barn 0-1 år, alle får tilbod, har ei gruppe på våren og ei på hausten. ICDP-minoritetsversjon, foreldrerettleingsgrupper på morsmål. Vi har sertifiserte kurshaldarar som snakkar arabisk, tigrinja, swahili og engelsk.	2 gonger årleg.	Familiehuset, tilsette som har sertifisering
	Heilt sjef	Livsmeistringskurs for ungdom. Knytt til skulen sitt arbeid med det tverrfaglege emnet livsmeistring og skulen sitt arbeid med karriererettleing. 3 økter på 2 timar for elevar på vg2.	Etter avtale mellom Firda vgs. og Familiehuset.	Tenesteleiar Familiehuset



Plan for det forebyggende arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	TILTAK	KVA ER DETTE?	KVAR/NÅR	ANSVAR
	Samarbeidsmøte/ BTI-møte på skulene og i barnehagane	Samarbeidsmøte etter BTI modellen. Fokus på mål, tiltak og evaluering. Stafetthaldar er avgjerande for kontinuitet og framdrift.	Jamleg	Stafetthaldar
Forslag til nye tiltak på universelt nivå				
Barnehage	Styrke bemanninga i det ordinære tilbodet i barnehagane	Storbarnsavdeling: auke frå 18 til 20 barn, og frå 3 til 4 vaksne. Småbarnsavdeling: auke frå 9 til 10 barn og frå 3 til 4 vaksne Tiltaket vil gje fleire plassar og høve til å styrke det ordinære til tilbodet	Budsjettprosess 2024	Kommunalsjef oppvekst
Gløppeskulen	Styrke det ordinære tilbodet i grunnskulen	Styrke leiken sin plass i opplæringsstilbodet til dei yngste elevane. Styrke begynnaropplæringa i 1. til 4. klasse med eigna intensiv opplæring av elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, jf. oppl.l. §1-4.	Budsjettprosess 2024	Kommunalsjef oppvekst, rektorane
	Kompetansebygging	Auke kompetansen på arbeid med elevar med utagerande åtfærd	Skuleåret 2023/2024	Kommunalsjef oppvekst, rektorane
	Utarbeide plan for når ulike tema skal takast opp på foreldremøte i bhg og skule i perioden 1-16 år	Sikre at føresette får informasjon om, og høve til drøfting av aktuelle tema, og at dette er mest mulig likt på tvers av einingar.	Barnehage- og skuleåret 2023/2024	Kommunalsjef oppvekst i samarbeid med styrarar og rektorar
Felles	Sikre kontinuerleg utvikling av BTI- modellen. Systematisk arbeid med koreis bruke modellen i alle einingar som jobbar med barn og ungdom	Legge arbeid med, BTI-modellen inn i barnehagane, skulane og dei andre tenestene sine årshjul. Oppdatere treningsprogram BTI Utarbeide rutine for stafetthaldar Lage rutine for opplæring av nyttilsette	2023/2024	Styrarar, rektorar og avdelingsleiarar BTI-arbeidsgruppa



for det forebyggende arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	TILTAK	KVA ER DETTE?	KVAR/NÅR	ANSVAR
Felles (forts.)	Systemmøte mellom tenestene som arbeider med barn og unge	Vidareutvikle møtestrukturen som ligg i BTI	2023/2024	BTI- arbeidsgruppa
	Undervisning om motorisk utvikling til personalet i barnehage og skule v/ fysioterapeut	Tema i barnehagen og på barnesteget: motorikken si betydning for sosial deltaking Tema på ungdomssteget: sammenhengen mellom kropp og psykisk helse	2023-2025	Avdelingsleiar fysio- og ergoterapitenesta, styrar og rektorar

11 Tiltak på selektert nivå

AKTØR	TILTAK	KVA ER DETTE?	KVAR/NÅR	ANSVAR
Helsestasjons- og skulehelsetenesta	Svangerskapsomsorg	Tettare oppfølging av den gravide og eventuelt far. "Fast track" til familievernkontoret der det er relevant.	Ved behov	Jordmor
	Overgang frå jordmor til helsejukepleiar	Overlapping/informasjonsdeling etter samtykke til helsejukepleiar mot slutten av svangerskapet.	Ved behov	Jordmor
	Foreldrerettleings-program	COS-P etter anbefaling, enten i gruppe eller individuelt. ICDP – universelt eller fleirkulturell versjon på anbefaling, individuelt	Ved behov	Avdelingsleiar helsestasjons- og skulehelsetenesta
	Rettleiing og oppfølging	Støttesamtaler med elevar ut frå behov. Rettleiing av foreldre	Jamleg	Helsejukepleiar og andre aktuelle
	Samarbeid	Deltaking på samarbeidsmøte i enkeltsaker, BTI og ansvarsgruppemøte.	Jamleg	Helsejukepleiar
Barnehage	Rettleiing og oppfølging	Tettare kontakt med foreldre, fleire foreldresamtale. Internlogg.	Jamleg	Barnehagen
	Samarbeid	Samarbeide med andre instansar, kalle inn/delta på samarbeidsmøte kring enkeltbarn, BTI, ansvarsgruppemøte.	Ved behov	Styrer i barnehagen, pedagogisk leiar.
	Ta imot rettleiing	Få rettleiing frå PPT, Statped, BUP, fysioterapeut og ev. andre.	Ved behov	Styrer i barnehagen, pedagogisk leiar.
Gløppeskulen	Rettleiing og oppfølging	Tettare kontakt med foreldre, fleire utviklingssamtaler. Tilpassa opplæring, spesialundervisning ved behov	Jamleg	Kontaktlærar



Plan for det forebyggende arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	TILTAK	KVA ER DETTE?	KVAR/NÅR	ANSVAR
	Samarbeid	Samarbeid med andre instansar, kalle inn/delta på samarbeidsmøte kring enkeltbarn, BTL-møte/samarbeid og ansvarsgruppemøte.	Jamleg	Rektor, kontaktlærar
	Ta i mot rettleiing	Få rettleiing frå PPT, fysioterapeut, Statped, BUP	Ved behov	Skulen
	Innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar	Tilbod til nye minoritetsspråklege elevar frå 2. til 10. trinn, etablert skuleåret 2022/2023. Behov for å vidareutvikle organisering og innhald	Jamleg	Rektorar
	Utgreiing og sakkunnig arbeid i skular og barnehagar	Utgreiing av lærevanskar og læringsmiljø. Sakkunnig vurdering av behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage eller spesialundervisning i skulen for barn/elever med moderate vanskar med sosial og/eller fagleg utvikling (samtalar, observasjon, kartlegging, standardiserte testar).	Ved behov	Barnehage og skule tilviser til PPT.
	Kompetanseheving	Kompetanseheving til barnehage og skule på tema som klasseleiing, lese- og skrivevanskar, språkvanskar, matematikkvanskar, arbeid elevar med ulike diagnoser m.m.	Ved behov	Barnehage og skule bed om teneste frå PPT
	Logoped	Vurdering av barn/elevar med uttalevanskar, taleflytvanskar eller stemmevanskar. Individuell oppfølging ved behov.	Ved behov	Barnehage og skule bed om teneste frå PPT
	Tidleg innsats, individ og miljø	Lågterskertilbod til barnehagane frå PPT med observasjon av barnet og læringsmiljøet og rettleiing til personalet i barnehagen og foreldra.	Ved behov	Barnehagen tilviser
	Samarbeid	Drøftingsmøte med leiinga i barnehage og skule etter oppsett plan, individ- og systemsaker. Deltaking i BTL-møte for barn/elevar som ikkje er tilvist for avklaring av om PPT skal ha ei rolle i saka.	Jamleg etter oppsett plan	PP-rådgjevar
Fysio/ergo/friskliv	Tekniske hjelpemiddel	Bustadtilpassing. Tilrettelegging med tekniske hjelpemiddel og velferdsteknologi for barn/ungdom med funksjonshemmingar eller som er under rehabilitering.	Ved behov	Ergoterapeut/fysioterapeut
	Aktiv ung	Under revidering, pr feb. 23 ikkje tilbod. Må samkøyrast med Aktiv Fritid (som ligg under støttekontakttjenesta) Aktivitetstilbod til barn/ungdom som fell utanfor anna organisert fysisk aktivitet. Etter tilvising frå skulehelesenesta/skulen/fastlege.	Eigen plan over tidspunkt og type aktivitet	Fysioterapeut
	Bra Mat-kurs	Under evaluering, pr feb. 23 ikkje tilbod. Kurstilbod med vekt på kosthaldsendingingTo gongar årleg?	To gongar årleg?	Frisklivsentralen



Plan for det forebyggende arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	TILTAK	KVA ER DETTE?	KVAR/NÅR	ANSVAR
	Samarbeid	Deltaking på samarbeidsmøte i enkeltsaker, BTI-samarbeid og ansvarsgruppemøte.	Ved behov	Avdelingsleiar fysio/ergo
Psykisk helseteneste	Rettleiing og oppfølging	Informasjon, rettleiing og oppfølging kring psykisk helse. Individuell samtaleoppfølging med barn og ungdom etter behov.	Etter avtale, treng ikkje tilvising	Avdelingsleiar psykisk helseteneste
Ungdomslos	Tett og tilrettelagt oppfølging av ungdom i skule, heim og fritidsaktivitetar for å gje meistring og trivsel.	Motivasjonsarbeid, hjelp til organisering av kvardagen, vekking/henting i kortare periodar, informasjon om aktuelle tilbod, fysisk trening, samarbeid med heim, skule og hjelpeapparatet for å sikre eit heilskapleg tilbod. Trygge elevane i overgangen mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring. Hovudmålet er at fleire unge skal fullføre vidaregåande opplæring.	Ungdom 14-24 år som av ulike årsaker strevar med å vere til stades på skulen.	Ungdomslos, Tenesteleiar Familiehøuset og rektor.
Flyktningtenesta	Samarbeid Oppfølging av foreldre	Rettleiing av foreldre Støttesamtale for foreldre Oppfølging gjennom introduksjonsprogrammet Kan bidra til kompetanseheving på fleirkulturell forståing, negativ sosial kontroll og flyktningfaglege spørsmål for andre einingar i kommunen. Flyktningtenesta har kompetanse på traume og korleis foreldre si psykiske helse påverkar barn.	Etter avtale, treng ikkje tilvising	Tenesteleiar flyktningtenesta, programrådgjevar
Kultursjefen og helse og velferd	Aktiv fritid for alle	Lågtersketilbod for dei som syns det er vanskeleg å finne ein fritidsaktivitet som passar, og av ulike årsaker har utfordringar som hindrar dei i deltaking	Kontortid kvar onsdag	Olin Almenning Ane Merete Austrheim
Felles tiltak	Samarbeid	Samarbeidsmøte kring enkeltbarn (BTI) , ansvarsgruppemøte, team for eteforstyrringar, kompetansegruppe for premature.	Ved behov	Leiarar i aktuelle tenester og avdelingar
	Psykososialt kriseteam	Kriseteamet si oppgåve er å samordne den psykososiale innsatsen som trengs i ein krisesituasjon og sikre at dei som hendinga har råka får naudsynt oppfølging.	Ved behov	Leiar for kriseteam
	Prematurprosedyre	Oppfølging av alle barn med fødselsvekt under 1500g	Jamlege kontrollar fram til 18 mnd, 3 år og 5 år	Helsesjokepleiar, fysioterapeut, PPT
	Økonomisk støtte og aktivitetstilbod til familiar med svak økonomi	Høve til å søke om redusert foreldrebetaling i barnehage og SFO Rekruttering til Ferie for alle, ferietilbod til barn i familiar med låg inntekt i regi av Røde Kors Helsestasjonen	Ved behov	Kommunalsjef oppvekst Helsestasjons- og skulehelsetenesta og barneverntenesta



for det forebyggande arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	TILTAK	KVA ER DETTE?	KVAR/NÅR	ANSVAR
Forslag til nye tiltak på selektert nivå				
	Foreldrerettledning	Vidareutvikle og auke kompetansen på evidensbaserte foreldrerettledingsmetodar og tilby rettledning individuelt og i gruppe. Aktuelle metodar; ICDP, PYC, PMTO. Organisere eit fast team i Familiehuset som har ansvar for foreldrerettledning	Søkt midlar frå Bufdir våren 2023	Tenesteleiar Familiehuset
	Supplerande og heimebasert foreldrestøtte	Utvikle tilbod om heimebasert praktisk og relasjonell støtte til familiar med barn 0-6 år gjennom Home Start-programmet i samarbeid med Frivilligsentralen og lag og organisasjonar i kommunen	Søkt midlar frå Bufdir våren 2023	Tenesteleiar Familiehuset
	Arbeid med risikogrupper	Endre frå symptomfokus til fokus på risikofaktorar. Skape felles forståing i organisasjonen av risikofaktorar for barn og ungdom og kva som er verksame tiltak. Utarbeide rutinar/tiltak tilpassa ulike risikogrupper slik at vi kan gje helsefremjande støtte før barn blir symptomberarar av oppvekstvikåra sine.	2023-2025	Kommunalsjef oppvekst og helse og velferd
	Oppfølging av innvandrarfamiljar	Lage rutinar for møte mellom barnehage, skule, flyktningtenesta og aktuelle hjelpetenester på systemnivå. Etablere ein arena for å ta opp tema av felles interesse	2023-2024	Tenesteleiar flyktningtenesta, leiarar i oppvekstsektoren
Barnehage	Ekstra støtte til minoritetsspråklege barn i barnehage	Setje av midlar til innføringsgruppe eller ekstra støtte i ordinær avdeling for nye minoritetsspråklege barn i barnehagane, inkludert morsmålsstøtte	2024	Kommunalsjef oppvekst
	Fagdag om barn som pårørende	Invitere Korus til å ha ein fagdag om temaet i kommunen	Barnehage- og skuleåret 2023/2024	BTI-arbeidsgruppa
	Handlingsrettleiaren for vaksentenestene i BTI kjem aktivt i bruk	Oppdatere handlingsrettleiaren. BTI-arbeidsgruppa har møte med leiarane i vaksentenestene	Haut 2023	BTI-arbeidsgruppa, tenesteleiarar vaksentenestene
	Meistringstreff for vaksne	Ha fokus på foreldrerolla når meistringstreff for vaksne blir arrangert	2023-2025	Avdelingsleiar psykisk helseteneste



for det forebyggende arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

12 Tiltak på indikert nivå

AKTØR	AKTIVITET	TILTAK	KVAR/NÅR	ANSVAR
Helsestasjons- og skulehelsetenesta	Rettleiing og oppfølging	Samtaler/støttesamtaler med elevar som strevar med ulike problemstillingar. Rettleiing og støtte til foreldre som strever i si rolle som foreldre.	Jamleg	Helsesjokepleiar
Barnehagane	Tilpassing av barnehagetilbodet	Spesialpedagogisk hjelp til barn som har særleg behov for det Individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne	Vedtak etter bhg.l. § 31 Vedtak etter bhg.l. § 37	Styrar, barnehagelærar
	Samarbeid	Samarbeid med andre instansar. Deltakar på og/eller koordinerer samarbeidsmøte og ansvarsgruppemøte.	Ved behov	Styrar, barnehagelærar
Gløppeskulen	Tilpasse skulekvardagen	Skjerming, samtaler, faste trygge vaksne. Spesialundervisning, alternativt opplæringsarena	Dagleg	Rektor
	Samarbeid	Samarbeid med andre instansar. Deltakar på og/eller koordinerer samarbeidsmøte og ansvarsgruppemøte.		
PPT	Utgreiing og sakkunnig arbeid i skular og barnehagar	Sakkunnig vurdering av behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehagen og skule hos barn/elevar med store og samansette vanskar med utvikling og læring. Observasjon, kartlegging, rettleiing	Ved behov	Barnehage/skule tilviser
	Tilvising til Statped	Tilvising til Statped, statleg pedagogisk støttesystem, når PPT ikkje har nødvendig kompetanse til å hjelpe barnehage/skule. Oppfølging av Statped sitt arbeid.	Ved behov	PPT
	Individuell oppfølging av einskildbarn/-elevar	Individuell oppfølging av elevar med diagnoser i autismspekteret og deira føresetter. Individuell oppfølging av andre aktuelle barn/elevar, fokus på meistring av skule m.m.	Ved behov	PPT
	Kompetanseheving i ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon)	Kompetanseheving i alternativ og supplerande kommunikasjon, ASK, til barnehage og skule, føresette og andre hjelpetenester.	Ved behov	PPT



Plan for det forebyggende arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	AKTIVITET	TILTAK	KVAR/NÅR	ANSVAR
Psykisk helseteneste	Rettleiing og oppfølging	Individuell samtaleoppfølging med barn og ungdom, behandling, kognitiv terapi. Rettleiing av foreldre etter behov. Samarbeid med spesialisthelsetenesta.	Ved behov	Avdelingsleiar psykisk helseteneste
	Samarbeid	Samarbeid med andre instansar. Deltakar på og/eller koordinerer samarbeidsmøte og ansvarsgruppemøte.	Jamleg	Avdelingsleiar psykisk helseteneste
Fysio- og ergoterapitenesta	Individuell oppfølging av enkeltbarn/ ungdom	Individuell vurdering, behandling, tilrettelegging til barn og unge med helseplager frå muskel og skjelett, avvikande motorisk utvikling eller som er under rehabilitering. Råd og rettleiing til foreldre ved behov.	Etter tilmelding /foreldre/ ungdom tek kontakt	Fysio- og ergoterapitenesta
	Samarbeid	Samarbeid med andre instansar. Deltakar på møter og/eller koordinerer	Jamleg	Fysio-ergoterapeut/ koordinator/ stafethaldar
Flyktningtenesta	Samarbeid	Samarbeid med andre instansar, delta på eller koordinere samarbeidsmøte/ansvarsgruppemøter.	Jamleg	Tenesteleiar flyktningtenesta
Ungdomslos	Samarbeid og oppfølging	Samarbeid med andre instansar. Delta på samarbeidsmøte. Oppfølging av konkrete tiltak med mål om auka skulenærver eller auka deltaking i anna meningsfylt aktivitet, t.d. arbeid, fysisk aktivitet, fritidsaktivitet.	Ved behov	Ungdomslos
Barnevern	Foreldrerettleiing gjennom metodisk arbeid	COS, Marte Meo, Tuning into kids, EFST, PMTO Høve til å leige inn private tiltak med ulik kompetanse og metodar.	Ved behov	Hjelpetiltak til ein bestemt familie med et identifisert behov - Barnevernslova
	Hjelp og støtte	Tilby støttekontakt, avlastnings- eller besøksheim	Ved behov	Hjelpetiltak til en bestemt familie med et identifisert behov - Barnevernslova
	Opphald annan stad	Opphald på Foreldre- og barn-senter frå nyfødt til ca. 5 år (tiltak gjennom BUF-etat) Frivillig plassering i fosterheim eller institusjon	Ved behov	Hjelpetiltak til en bestemt familie med et identifisert behov - Barnevernslova
	Omsorgsovertaking/ plassering institusjon	Plassering i institusjon Omsorgsovertaking og plassering i fosterheim	Ved behov	Tiltak Barnevernslova



Plan for det forebyggjande arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	AKTIVITET	TILTAK	KVAR/NÅR	ANSVAR
Felles tiltak	Samarbeidsmøte med psykisk helsevern for barn og unge (BUP)	Samarbeidsmøte, leiarane for helsestasjons- og skulehelsetenesta, fysio- og ergoterapitenesta, PPT, psykisk helseteneste og barneverntenesta deltek fast. Her kan ein drøfte enkeltsaker og få rettleiing frå BUP. Barnehage og skule kan melde inn aktuelle saker. Då deltek styrar/rektor og barnet/ungdommen sin kontaktperson frå aktuell eining i drøftinga av aktuell sak	Møte på Familiehuset 3 gonger i halvåret	Tenesteleiar Familiehuset
	Tiltaksteam mot mobbing	Dette er eit team som skal trø til i samband med at barn, føresette eller skule ikkje lukkast med å løyse mobbesaker.	Ved behov	Team i Familiehuset samansett av representantar frå skulehelsetenesta, PPT og psykisk helseteneste
	Konsultasjonsteam for sped- og småbarn i risiko	Konsultasjonsteamet er eit samarbeid mellom Helse Førde v/BUP og BUF-etat, og gjeld for aldersgruppa 0-6 år. Eit lågterskeltilbod for fagpersonar og etatar som arbeider med gravide, småbarnsforeldre og barn. Eit førebyggjande tiltak med siktemål å oppnå raskare og betre koordinering av tiltak med god fagleg kvalitet.	Teamet har fast møteplan for kvart halvår.	Helse Førde
Forslag til nye tiltak på indikert nivå				
Helse og velferd	Barnekoordinator	Barnekoordinator er ein rettighet for familiar med barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne med behov for langvarige og samansette helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. Barnekoordinatoren skal koordinere velferdstenestene til familien og passe på at kommunen tek i vare ansvaret sitt for oppfølging og tilrettelegging. Bestemme korleis skal dette organiserast i kommunen vår	2023	Kommunalsjefane for oppvekst og helse og velferd.
Familiehuset	Tilby foreldrerettleiing PYC (Parenting Young Children)	PYC er ein foreldrerettleiingsmetode som er eigna for foreldre som treng praktisk og konkret tilnærming for å utvikle seg i foreldrerolla. Tilby PYC både til familiar som har tiltak etter barnevernslova og andre familiar med behov på indikert nivå	2023-2025	Tenesteleiar Familiehuset, barnevernleiar
Familiehuset	Tilby foreldrerettleiing PMTO	Målet med PMTO er å gjenopprette eller bygge eit positivt og utviklingsstøttande forhold mellom barn og foreldre, og bryte negative samspelsmønster. Tilby PMTO både til familiar som har tiltak etter barnevernslova og andre familiar med behov på indikert nivå	2025	Tenesteleiar Familiehuset, barnevernleiar



Plan for det forebyggande arbeidet i Gløppen kommune 2023 - 2024

AKTØR	AKTIVITET	TILTAK	KVAR/NÅR	ANSVAR
Fysio- og ergoterapitenesta	Tilby psykomotorisk fysioterapi	Psykomotorisk fysioterapi tek utgangspunkt i samanhengen mellom muskelspenningar og kjensler. Stille krav om denne kompetansen ved utlysing av ledig stilling som fysioterapeut	2023	Avdelingsleiar fysio- og ergoterapitenesta
Helse og velferd	Kommunepsykolog	Kommunepsykolog er eit lovpålagt tilbod, jf. helse- og omsorgstenestelova §3-2. Avklare korleis Gløppen kommune skal støtte dette lovkravet	Budsjettprosess 2024	Kommunalsjefane for oppvekst og helse og velferd